



POLITIET

02800

KONTAKT POLITIET FOR HJELP

NØD RING 112!

TRYGG JULEHANDEL I DIN BUTIKK

Julehandeltida gir lange dagar, stor vareflyt og mange kundar. Som tillegg i år kjem alle utfordringane med smittevern. Det vert hektisk framover. Vi veit at det kan verte stole varer for store verdiar. For å handtere og førebygge må alle ha opplæring og gode rutinar. Det gjeld også ved tjuveri eller mistanke om forsøk på tjuveri, for trygg pengehandtering og førebygging av tjuveri.

VED BUTIKKTJUVERI

- * Du kan stoppe personen etter siste betalingspunkt.
- * Dersom personen ikkje vert stoppa eller du har mistanke om tjuveri må du notere signalement: Alder, høgde, hårfarge, kroppsbygning, sko og klede. Om det er høve til det, noterer du type køyrety, farge og registreringsnummer.
- * Ser du butikktjuveriet? Bruk alarmrutinen til butikken. Ring 02800 eller tilkall vektarane.
- * Det er lurt å vere fleire når nokon vert stoppa. Husk at di sikkerheit er viktigast!
- * Hald deg roleg, snakk tryggande og ta personen du stoppa til ein skjerma plass.
- * Ikkje la den du har stoppa vere utan tilsyn. Husk at visitering er det politiet som utfører.
- * Alle tjuveri skal meldast til politiet. Fyll ut anmeldelse.
- * Informere tilsette og eigarar om tjuveriet.

FØREBYGGE BUTIKKTJUVERI

- * Ver imøtekomande mot kundane. Få augekontakt og spør om kunden treng hjelp.
- * Gode rutinar og haldningar i butikk = Mindre tjuveri.
- * Ver merksam på kundar som ikkje viser normal oppførsel.
- * Varsle vektarar som det er avtale med og/eller politi ved mistanke om noko straffbart.
- * Sørg for at sikkerheitsløysingar som kamera, alarm og varesikring er OK. Test ofte.

RETTIGHEITER

- * Din butikk er din eigendom. Som tilsett passar du på butikken sine verdiar for eigarane.
- * Det er lov å avvise kundar/personar i din butikk.
- * Ved uhøfleg framferd, rus, tjuveri, truslar mot tilsette eller ved skadeverk, kontakt vektarar som butikken har avtale med eller politiet om naudsynt.

RUTINEDRILL

- * Sikkerhetsrutinane skal sitte. Har du og dine kollegaer diskutert:
 - * Kva gjer vi når vi har stoppa en butikktjuv eller ved mistanke om tjuveri?
 - * Har vi gode rutiner for handtering av kontantar/veksling?
 - * Kan vi rutinen for tømning av kontantar til safe? Den må takast spesielt grundig!

Det er få som kan lure **DEG** når du passar på.
Ikkje lag "julekveld på forskot" for tjuvane!

POLITIET.NO/TYVERI-OG-VINNINGSKRIMINALITET

